



Norvald Elvik
Slettevegen 84
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/435 - 14/3301

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
01.04.2014

Byggesak Gbnr 66/8 Brattetaule - veg - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 69/2014

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : **Slettevegen**
Tiltakshavar : Norvald Elvik
Ansvarleg søker : Ing. K.Dømbe
Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld omlegging av veg på eigen eigedom. Eksisterande veg vert fjerna etter at ny veg er bygd.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid.

Det vert elles vist til søknad mottatt 21.01.14, og supplert 14.03.14. og 18.03.14.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplan for Radøy er definert som LNF-område.

Uttalekrav frå annan styresmakt

Det er henta inn slik uttale frå Landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy den 30.01.14:

Viser til søknad om omlegging av veg på gnr/bnr 66/8 i Radøy kommune. Deler av vegen er tenkt etablert i LNF-område i kommuneplanen og det er bedt om uttale frå Landbrukskontoret. Sidan det er vegløyving til eit våningshus kan tiltaket vere i tråd med LNF-føremålet. Dette vil likevel ikkje gjelde dersom vegen ikkje er naudsynt for drifta på garden. Det er ikkje registrert søknad om produksjonstilskot på drifta, og landbrukskontoret finn difor at tiltaket ikkje er i tråd med LNF føremålet. Saka må handsamast etter jordlova § 9 om bruk av dyrka og dyrkbar mark.

Det ligg føre samtykke til omdisponering frå landbrukskontoret i sak 14/972, datert 26.03.14:

Vedtak

Det vert gjeve løyve til å leggje veg som omsøkt på gnr/bnr 66/8 i Radøy kommune.

Vilkår for løyvet:

- Dyrkamarka skal påverkast i minst mogleg grad.
- Eksisterande veg som skal fjernast må lagast til dyrkamark der det er mogleg.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplan for Radøy 2011-2023.

Det er søkt dispensasjon frå med slik grunngjeving:

«Vegen er ikkje framkommeleg om vinteren. Den er bratt og svingete.»

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Vegen er vist i situasjonsplan datert 18.02.14 og lengdeprofil 12.01.14. Det er opplyst at vegen får ein stigning på 1:8.

Terrenghandsaming

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Flom, skred og andre natur- og miljøforhold

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flom, skred eller andre natur- og miljøforhold som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommune har lagt denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Dispensasjon

Det må her vurderast om kommuneplanen sine føresegner vert vesentleg tilsidesett, samt om fordelane ved å gje dispensasjon er større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Ansvarleg søker har opplyst i dispensasjonssøknaden at vegen er bratt og svingete. Vegen er ikkje framkommeleg om vinteren.

Kommunen vurderer dette som eit mindre tiltak på bygd eigedom og ein dispensasjon vil ikkje gje prinsipiell verde. Tiltaket vil ikkje ha negativ innverknad på landbruksinteresser, natur eller friluftsliv, og vil ikkje koma i konflikt med allmenn ferdsle i området. Kommunen har særleg lagt vekt på at det her vert etablert veg med stiging som er tråd med krava i kommuneplanen.

Når der gjeld at fordelane med å gje dispensasjon må vera større enn å ulempene må ein sjå på tiltakshavars ynskje om å ha ein veg som er mindre bratt og svingete enn dagens veg og som i tillegg er framkommeleg å vinterstid. Etablering av ny veg vil ha større fordeler enn den ulempe det er å ta i bruk eit avgrensa areal av dyrka mark. Det er i tillegg sett vilkår at arealet der eksisterande veg ligg i dag skal attendeførast til dyrka mark der det er mogeleg. Det er eit positivt samfunnsgagn at tre heilårsbustader får ei trygg vegløyving.

Etter ei samla og konkret vurdering med bakgrunn i ovannemnde saksutgreiing finn kommunen å kunne gje dispensasjon til å fråvika føremålet i kommuneplanen og gje dispensasjon for tiltaket som omsøkt.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Ing. K. Døme**, org.nr. 981023609 har søkt ansvarsrett som ansvarlig søker (SØK). Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Vest Oppmåling as**, org.nr. 987321679 har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO , prosjektering av veg. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Ove Toska**, org.nr. 969473879 har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring grunnarbeid og landskapsutforming veg. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var mangelfull når den var mottatt. Manglane vart meddelt ansvarleg søker ved brev av 31.04.14. Manglane var som følgjer:

- Dispensasjonssøknaden har ikkje underskrift/signatur.
- Det går ikkje fram av søknaden kva som er nabovarsla. Radøy kommune ber om at de nyttar blankett 5154 Nabovarsel, blankett 5155 Opplysningar gitt i nabovarsel og blankett 5156 Kvittering for nabovarsel.
- Det er søkt om veg med stigning 1:7,15. Me gjer merksam på at Kommuneplan for Radøy 2011-2023 har følgjande føresegn: § 2.3 Infrastruktur pbl. § 11-9. Stigning på veg på meir enn 1:8 tillatast ikkje.
- Det er ikkje samsvar mellom ansvarsklasse i søknad om ansvarsrett for UTF og gjennomføringsplan.
- Søknad om ansvarsrett for Ove Toska manglar avkryssingar i rubrikk «Erklæringer og underskrifter».

Manglane vart retta ved brev frå ansvarleg søker av 14.02.14 og 18.02.14.

Ansvarleg søker og andre involverte føretak må registrere avvika i sitt internkontrollsystem og treffe tiltak for å unngå gjentaking.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 18.02.14 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 vert det GODKJENT DISPENSASJON frå arealføremål LNF for etablering av veg.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1l vert søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn etablering av veg GODKJENT på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast som vist i situasjonsplan datert 18.02.14 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 9-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) vert det GODKJENT ANSVARSRETTAR for:

FØRETAK	L/S *	FUNKSJON	TILT.KL.	ANSVARSOMRÅDE
Ing. K. Dømbe, org. nr. 981023609	S	SØK	1	Ansvarleg søker
Vest Oppmåling as, org.nr. 987321679	S	PRO	1	Prosjektering av veg
Ove Toska, org.nr. 969473879	S	UTF	1	Utføring grunnarbeid og landskapsutforming veg

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av Forskrift om byggjesak kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde frå Kommunestyret i Radøy kommune, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 9.2.1	Dispensasjon	kr	9 200,00
KODE 10.2.6	Basisgebyr	<u>kr</u>	<u>5 300,00</u>
SUM		kr	14 500,00

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/435

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Norvald Elvik

Slettevegen 84 5936

MANGER